

SULA KOMMUNE

Kommunestyret

TILLEGGSINNKALLING TIL MØTE NR.2/17

Møtedato: 23.03.2017
Møtestad: Sula U
Møtetid: Kl. 18:00

Eventuelt forfall skal meldast til servicetorget, tlf 70 19 91 00.
Varamedlemmer møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møtet er ope for publikum.

Orienteringar innleiingsvis i møtet:

- Torfinn Vingen orienterer om Ålesund helsesenter (ØHD, ÅILV og overgrepsmottaket).
- Sula bedriftstjeneste - v/ Gunn Skotheimsvik Årdal

Møtet vil vere lukka under behandling av sak om samlokalisering av TBU.

NB!

Sula kommune
20.03.17

Jim Arve Røssevoll
ordførar

Sakliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
028/17	Interpellasjon frå Sula Høgre - Lovendring om rett til opphald i sjukeheim mv.	
029/17	Interpellasjon frå Sula Høgre - økt satsing på rusfeltet	

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Åge Erstad Remvik	Arkiv:	K1 - 090, K3 - &29
Arkivsaksnr:	12/183 17/5966		

Interpellasjon frå Sula Høgre - Lovendring om rett til opphald i sjukeheim mv.

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	23.03.2017	028/17

Interpellasjon frå Sula Høgre - Lovendring om rett til opphald i sjukeheim eller liknande boeining, særskilt tilpassa heil-døgn tjenester – kriterier og venteliste

Stortinget vedtok i juni i 2016 lovendringer om rett til opphald i sjukeheim eller liknande boeining særskilt tilrettelagt for heil-døgns tjenester. Lovendringane skal bidra til betre forutsigbarheit og openheit kring tildelinga ved å pålegge kommunene å gje forskrifter med kommunale kriterier for tildeling og å registrere ventelister. Dette skal betre rettane til den einskilde pasient. Helse- og omsorgsdepartementet vil få lovendringane klar til 1.juli 2017. Dette betyr at dei kommunale forskriftene må vere vedtatt slik at de seinest kan gjelde frå 1. juli 2017.

Den 13. juni 2016 vedtok Stortinget desse lovendringane til Lov om pasient- og brukerrettar og Lov om helse- og omsorgstjenster. Kommunen skal arbeide ut ei kommunal forskrift som skal klargjere dette arbeidet.

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterier for å tildele langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende boeining etter at det er gjort erfaringer med dei kommunale kriteria og forsøket med statleg finansiering av omsorgstjenestane er evaluert. Når det gjeld lovendringane som er knytt til kommunale kriterier og ventelister må kommunane få tid til å arbeide ut, gjennomføre høyring og å vedta kommunale forskrifter med kriterier for å få langtidsplass i kommunene, og på andre vis rette seg etter lovkrava, før pasientane sine rettar blir sett i verk. Det er eit mål å få heile ordninga innført før desember 2017.

Helse- og omsorgsdepartementet vil få satt i verk dei resterande lovendringane knytt til kommunale kriterier og ventelister frå 1. juli 2017. Det gjelder også pasientane sin rett til vedtak dersom vedkommende oppfyller kommunen sine kriterier og blir sett på ei venteliste. Alt dette vil føre til at den kommunale forskrifta må vere vedteken slik at den seinast kan tre i kraft 1. juli 2017

Forskriftshjemmelen og forskrift med nasjonale kriteriar for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller liknande boeining særskilt lagt til rette for for heil-døgns tjenester vil først bli iverksatt på et seinare tidspunkt.

Sula Høgre vil vite kor langt dette arbeidet er kome når det gjeld pasientane sin rett til sjukeheimplass i Sula kommune. Om arbeidet ikkje er satt i verk, ber vi kommunestyret om å vere med på eit vedtak om at arbeidet må settast i gang straks. Vi vil sikre pasientane i Sula kommune sine rettar.

Utdrag frå møtereglementet til Sula kommunestyre, s.10:

24. INTERPELLASJON

a) Kvar medlem kan kome med førespurnad til ordføraren i form av ein interpellasjon.

Interpellasjonen bør gjelde prinsipielle spørsmål. Interpellasjonen må vere ordføraren i hende seinast 10 dagar før møtedagen (møtedagen ikkje medrekna).

b) Interpellasjonen skal sendast medlemene saman med sakliste og saksdokument.

c) Den som har meldt interpellasjonen har rett til å leggje fram ei kort munnleg grunngjeving.

d) Møteleiaren svarar på interpellasjonen.

e) Ved eventuelt ordskifte kan interpellanten, møteleiaren, rådmannen og gruppeførarane ha ordet to gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong.

f) Møteleiaren, eller 1/3 av medlemene, kan motsetje seg at det vert gjort vedtak i tilknytning til interpellasjonen.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Åge Erstad Remvik	Arkiv:	K1 - 090, K3 - &29
Arkivsaksnr:	12/183 17/5968		

Interpellasjon frå Sula Høgre - økt satsing på rusfeltet

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Kommunestyret	23.03.2017	029/17

Interpellasjon frå Sula Høgre - økt satsing på rusfeltet

Fleire av dei svakaste pasientgrupper får ikkje god og rask nok hjelp. Dette gjeld særleg pasientar som har problemer med rus. Det sviktar i overgangen mellom behandling og rehabilitering og det fører til mange gjengangera. For mange mennesker dør av overdoser, og rusproblem går ofte i arv. Mange av dei får ikkje god nok oppfølging i kommunane etter at dei er ferdig med behandlinga i spesialisthelsetjenesta. Det mangler tilbod om husvære, arbeid og anna aktivitet. Desse utfordringane er ikkje nye.

Dette er utfordringar Høgre har omtalt og forsøkt å gjere noko med. Den tidlegare opptrappingsplanen for rusfeltet ga ikkje det løftet som var nødvendig. Regjeringa har difor sett i gang ein forsterka innsats på rusfeltet gjennom ein ny opptrappingsplan som skal bidra til å sikre kapasitet og kvalitet i tilbodet til alle som treng det. Vi må bidra til at alle dei som treng hjelp får den behandlinga og den oppfølginga dei treng. Opptrappingsplanen vart lagt fram i 2015 og det fylgjer med 2,4 mrd kroner i løpet av fem år, som skal tildelast kommunene som ein del av dei frie midlane. Om vi skal lykkast med å gje personer med rusproblem eit bedre tilbod, må det kommunale tilbodsapparatet styrkast.

Sula Høgre vil vite kor langt dette arbeidet er kome når det gjeld regjeringa sin satsning med tiltak innan rusfeltet. Midlene skal kome personer med rusproblem i vår kommune til gode. Om arbeidet ikkje er satt i verk, ber vi kommunestyret om å vere med på eit vedtak om at arbeidet må settast i gang straks. Vi vil sikre dei svakaste i samfunnet sine rettar.

Sula Høgre

Utdrag frå møtereglementet til Sula kommunestyre, s.10:

24. INTERPELLASJON

a) Kvar medlem kan kome med førespurnad til ordføraren i form av ein interpellasjon.

Interpellasjonen bør gjelde prinsipielle spørsmål. Interpellasjonen må vere ordføraren

i hende seinast 10 dagar før møtedagen (møtedagen ikkje medrekna).

b) Interpellasjonen skal sendast medlemene saman med sakliste og saksdokument.

c) Den som har meldt interpellasjonen har rett til å leggje fram ei kort munnleg grunngjeving.

d) Møtleiaren svarar på interpellasjonen.

e) Ved eventuelt ordsките kan interpellanten, møtleiaren, rådmannen og gruppeførarane ha ordet to gonger. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong.

f) Møtleiaren, eller 1/3 av medlemene, kan motsetje seg at det vert gjort vedtak i tilknytning til interpellasjonen.